

Protokoll frå styremøte i Helse Førde HF

Tid: **05.09.2018, kl. 12:15-16:00**
Møtestad: Førde sentralsjukehus, Førde

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Ole Gunnar Krakhellen	Medlem
Tor Vidar Myklebust	Medlem
Ivar Eriksen (deltok frå sak 062/2018)	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Hans Jacob Westbye	Medlem
Arthur Norevik	Medlem
Audun Nedrebø	Observatør

Forfall

Reidar Sandal	Medlem
---------------	--------

Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerande direktør
Børge Tvedt, stedfortreder AD/ direktør Psykisk helsevern
Signe Nordvik, fung. direktør Medisinsk klinikk
Tom Guldhav, direktør Kirurgisk klinikk (deltok i sak 065/2018)
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør
Arne Skjelten, HR-direktør
Halfdan Brandtzæg, økonomidirektør
Kristine Longfellow, fagdirektør
Tone Holvik, stadleg leiar Nordfjord sjukehus
Stig Igland, samhandlingssjef
Berit Irene Haarklau, referent

Sakliste

- 059/2018 Godkjenning av innkalling og dagsorden
- 060/2018 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 22.06.2018
- 061/2018 Administrerande direktør si orientering
- 062/2018 Rapportering frå verksemda per juli 2018
- 063/2018 Årleg gjennomgang av styrande dokument for styret i Helse Førde HF
- 064/2018 Møteplan og årsplan 2019 for styret i Helse Førde HF
- 065/2018 Plan for prehospitala tenester – arbeid med mandat fase 2

Saker til orientering:

- 066/2018 Bierverv i Helse Førde - status
- 067/2018 Eventuelt
Skriv og meldingar

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Agnes Landstad ønska styret, brukarrepresentant, administrasjonen, publikum og presse velkommen til dagens styremøte ved Førde sentralsjukehus.

059/2018 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styreleiar Landstad leia møtet og orienterte om dagsorden. Styremedlem Reidar Sandal hadde meldt forfall.

Vedtak (samrøystes):

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

060/2018 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 22.06.2018

Styreleiar Landstad etterspurde kortversjon av utviklingsplanen.

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokoll frå styremøte 22.06.2018.

061/2018 Administrerende direktør si orientering

Adm. direktør Varden orienterte om:

1. Sommarfesten 23. august

Ein flott fest, der ca. 600 tilsette deltok.

2. Rapportering tilsynssaker

Styret stilte spørsmål om sepsis-tilsynet. Fagdirektør orienterte om status.

Direktør Tvedt orienterte om:

3. Opning av påbygg ved Nordfjord psykiatrisenter (NPS)

Med nybygget er endeleg Nordfjord psykiatrisenter samla «under eit tak», etter å ha vore i tre ulike bygg. Nybygget vart teke i bruk i slutten av juni, med offisiell opning 15. august. Nybygget innehelde tolv nye kontor, møterom og venterom. Kostnad er på 10 millionar kroner.

4. Barnehus

Opning av barnehus er planlagt 2. oktober, og det er god dialog i etableringa. SYS IKL skal også levere tenester. Midlar internt i Helse Vest er no fordelt med 1,0 millionar kroner til Helse Førde.

Direktør Midtbø orienterte om:

5. Riksantikvaren – status

Vern ved Førde sentralsjukehus følgjer klasse 1, medan Tronvik psykiatriske avdeling følgjer klasse 2.

Eksempel på vernet ved Førde sentralsjukehus:

- Vestibyle og trapperom i 1. etg.
- Heishall, kantine og auditorium i 2. etg.
- Barneavdeling og føde/barsel
- Utvendig er kunstverket til Ludvig Eikås verna.
- Møblane i vestibylen, kafeen og auditorium har i dag same møblar som ved oppstart i 1979.

Førdepakken vil medføre inngrep i sjukehusparken, og saka er no hos Riksantikvaren.

Solskjerming i høgblokka er ei problemstilling som det vert jobba vidare med.

HR-direktør Skjelten orienterte om:

6. Sommaravvikling - status

Årets sommaravvikling har gått greitt. Det blir no gjennomført ei undersøking i føretaket, internt av leiinga og i NSF om ferieavviklinga. Dette for å betre planlegginga for neste år.

Styret stilte spørsmål om det er noko samarbeid i regionen om sommarferieavviklinga?

HR-direktør responderte at det er dialog på tvers.

7. Konstituering økonomidirektør

Halfdan Brandtzæg sluttar i stillinga 15. august. Joar Halbrend er midlertidig konstituert i stillinga. Det er mottatt 13 søknader til den utlyste stillinga.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek meldingane til orientering.

062/2018 Rapportering frå verksemda per juli 2018

Oppsummering:

Adm. direktør Varden innleia rapporteringa med orientering om:

- Ventetid: Gjennomsnittleg ventetid for dei ventande var 61 dagar i juli, mot 56 førre år og 47 i juni.
- Tentative timar: var 13 970 komande episodar med tentativ time i byrjinga av august (6.), og 14 570 i juni.
- Aktivitet: I juli har det vore færre dagbehandlingar i høve til budsjettet, men auke i tal døgnoophald og polikliniske konsultasjonar. DRG-inntektene er så langt i år høgare enn budsjett.
- Rekneskapsresultatet etter juli var eit overskot på 32,3 millionar kroner, som er 16,0 millionar kroner over budsjettet.
- Avvik fag og HMS: Sjukefråværet har hatt ein positiv trend dei siste månadene. Ingen av klinikkane melder om vesentlege avvik på det faglege nivået i tilbodet eller i arbeidsmiljøet som følgje av gjennomføring av tiltaka i budsjettet, men det blir meldt om nokre tilfelle av for låg bemanning.

Fagdirektør Longfellow orienterte om: Kvalitet

Gjennomsnittleg ventetid for ventande var 61 dagar i juli. Det er vanleg at ventetida går opp om sommaren og ned att i september. Sannsynleg ventetid resten av året vil normalisere seg til jul.

Totalt på 46 450 viser at 22 710 av desse er tentative. Utvikling i tildelt direkte time vert jobba med i føretaket. Føretaksleiinga har gjort vedtak og iversett tiltak om ryddejobb i linja.

Beleggsprosent er på om lag 70%. Dersom vi skal samanlikne oss med dei andre føretaka, så må vi ha lik rapportering. Med gammal metode hadde vi beleggsprosent på 68, men med den nye metode har føretaket ein god beleggsprosent på over 100.

Økonomidirektør Brandtzæg orienterte om: Aktivitet, økonomi og bemanning

Resultatet etter juli viser eit overskot på 4,0 millionar kroner. Budsjettavviket er positivt med 16,0 millionar kroner.

Aktivitet i somatikk var høgare i juli enn førre året. Psykisk helsevern hadde lågare aktivitet i juli.

Sjukefråværet var 5,4 prosent i juni. Brutto månadsverk var 2437 og netto månadsverk var 2052 i juli.

Styret kommenterte at vi skal ha ambisjon om å levere på den gylne regel.

Styreleiar Landstad oppsummering rapporteringa med at sjukefråværsprosenten er bra, og ga honnør til organisasjonen. I tråd med budsjettvedtaket må ein ha merksemd på å nå budsjettmåla i alle klinikkar. Resultatet så langt gir god styringsfart for føretaket.

Styret ber adm. direktør om å endre avviksrapportering til styret (avvik i Synergi). Styret ønskjer rapportering på systemnivå med forbetningsarbeid som mål.

Vedtak (samrøystes):

Rapportering frå verksemda per juli 2018 vert teken til vitande.

063/2018 Årleg gjennomgang av styrande dokument for styret i Helse Førde HF

Oppsummering:

Det vart frå 2016 etablert ein ny praksis med årleg gjennomgang av dei styrande dokumenta for styret i Helse Førde HF. Dette for å sikre god kunnskap og oversikt, også at ein jamnleg skal kunne oppdage endringar eller tilpassingar i dei gjeldande styrande dokumenta.

Styrande dokument for styret i Helse Førde HF omfattar:

- Vedtekter for Helse Førde HF
- Styreinstruks for Helse Førde HF
- Instruks for administrerande direktør i Helse Førde HF
- Fullmaktsstruktur for Helse Førde HF
- Rettleiaren «Styrearbeid i helseføretak»
- Etske retningslinjer for Helse Førde
- Regjeringa sin eigarpolitikk, jf. Meld. St. 27
- Retningslinjer for lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel

Vedtektene vart endra i Føretaksmøte i Helse Førde HF 21.02.2018, og dette medfører ei oppdatering av styreinstruksen for Helse Førde HF.

Adm. direktør Varden innleia om dei styrande dokumenta for styret.

Styret etterspør ei oppdatering i innleiinga av «Rettleiaren styrearbeid i helseføretak».

Styret set gjennomgang av etiske retningslinjer og styreinstruks på dagsorden i neste styreseminar.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret vedtek revidert styreinstruks for Helse Førde HF.

2. Styret er kjend med og tek til vitande følgjande styrande dokument:
- Vedtekter for Helse Førde HF, sist endra 21.02.2018
 - Styreinstruks for Helse Førde HF, revidert 05.09.2018
 - Instruks for administrerande direktør i Helse Førde HF, revidert 30.04.2015
 - Fullmaktsstruktur for Helse Førde HF
 - Rettleiaren «Styrearbeid i helseføretak»
 - Etiske retningslinjer for Helse Førde
 - Regjeringa sin eigarpolitikk, jf. Meld. St. 27 (2013-2014)
 - Retningslinjer for lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel

064/2018 Møteplan og årsplan 2019 for styret i Helse Førde HF

Oppsummering:

Det vert i forslag til møteplan lagt opp til 11 styremøter og 2 styreseminar i Helse Førde HF i 2019. Styremøta vert halde ved institusjonane. Årsplanen er eit verktøy for å skape oversikt og strukturere styrearbeidet gjennom året, og den viser oversikt om:

- Møtedato og møtestad
- Faste styresaker, andre styresaker og tema
- Rapporteringsaker til Helse Vest
- Omvising/orientering ved institusjonane m.m.
- Styreseminar med Helse Vest RHF
- Samhandlingskonferansen og Kvalitetskonferansen i Helse Førde
- Dialogmøte med KS/ordførarar i Sogn og Fjordane
- Fellesmøte mellom styret og Brukarutvalet

Styret drøfta framlegg til møteplan og årsplan for 2019.

Styret ba administrasjonen undersøke muligheten for å flytte felles styreseminar med Helse Vest frå 23. mai til 29. mai 2019. I så fall vert styremøte mai 2019 lagt til 29. mai.

Vedtak (samrøystes):

- Styret i Helse Førde HF godkjenner møteplan 2019:

Møteplan 1. halvår 2019	
Møtedato	Møtestad
Fredag 25. januar	Førde, FSS/Bygg Aust
Måndag 25. februar	Førde, FSS/Bygg Aust
Fredag 22. mars	Kyrkjebø/Tronvik
Måndag 29. april	Lærdal, LSH
Onsdag 22. mai og torsdag 23. mai	Førde, FSS/Bygg Aust <i>*23/5: Fellesmøte RHF - HFD</i>
Fredag 21. juni	Sogndal/ISP
Møteplan 2. halvår 2019	
Måndag 26. august	Førde, FSS/Bygg Aust
Torsdag 26. september	Nordfjordeid, NSH/NPS
Måndag 28. oktober	Førde, FSS/Bygg Aust
Torsdag 21. og fredag 22. november	Førde, FSS/Bygg Aust
Måndag 16. desember	Førde, FSS/Bygg aust
Møtestart kl. 10:00	

2. Styreseminar (kveld) vert i samband med styremøte i mai og november 2019.
3. Styret i Helse Førde HF godkjenner årsplan 2019, med korrigert møtedato, i samsvar med vedtak punkt 1.

065/2018 Plan for prehospitala tenester – arbeid med mandat for fase 2

Oppsummering:

Saka skisserer prosess med å lage mandat for fase 2 i prosjekt prehospitala tenester, og inviterer styret til å gje føringar før arbeidet startar.

Frå før av ligg føringar og mandat for fase 1, og vedteken sluttrapport og høyringsinnspel for fase 1, til grunn for det vidare arbeidet. Arbeidet med prosjekt prehospitala tenester har vore delt inn i tre fasar:

Fase 1: Etablere prosjekt, forankring internt og eksternt. Avklare prinsipp, premissar og rammevilkår. Forankring / høyring.

Fase 2: Detaljering av modellar.

Fase 3: Implementering av vald modell

Hovudmålet for alle dei tre fasane i prosjektet er formulert i mandatet frå fase 1.

Tema for fase 2 i prehospitala tenester omhandlar:

- 1) Samhandling mellom Helse Førde og kommunane
- 2) Samhandling mellom det prehospitala og det hospitala i Helse Førde
- 3) Struktur
- 4) HMS
- 5) Kompetanse
- 6) Utvikling
- 7) Økonomi
- 8) Styringsinformasjon

Styrelisar Landstad innleia om plan for prehospitala tenester, med bakgrunn i styret sitt vedtak i sak 055/2018.

Adm. direktør Varden orienterte om arbeidet med mandat for fase 2 i plan for prehospitala tenester.

Framlegg til vedtak:

1. Styret ber administrerande direktør legge opp arbeidet med mandat for fase 2, slik det går fram av saka.
2. Styret vedtar at det særskilt skal leggst vekt på:
 - Fleksible løysingar med god logistikk for å til ei kvar tid sikre innbyggjarane eit best mogeleg tilbod.
 - Rom for vidare utvikling/ending av dei prehospitala tenestene der ein tek omsyn til ending i innbyggjartal, utvikling i infrastruktur, teknologi og eksterne krav til tenesta.

- Samhandling med kommunane for å levere akuttmedisinske tenester.
3. Styret ber administrerande direktør legge til grunn at ramma for dei framtidige prehospitala tenestene skal ta utgangspunkt i inntektssystemet sine kriterier og budsjett for 2018. Omsyn til tenesta sine kvalitetskrav, arbeidstidsordningar for dei tilsette og den teknologiske utviklinga, og å sjå fylket under eitt, skal og vere sentrale føringar for korleis dei endelege prehospitala tenestene skal modellerast.
 4. Utkast til mandat skal leggest fram for godkjenning i styremøtet i oktober.

Adm. direktør Varden hadde følgjande endringsframlegg til punkt 3, 1. setning:

Styret ber administrerande direktør ta utgangspunkt i inntektssystemet sine kriterier og rammer for 2018 for prosessen vidare.

Votering:

Framlegg til vedtak, med adm. direktør Varden sitt endringsframlegg i punkt 3 vart samrøystes vedteke.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret ber administrerande direktør legge opp arbeidet med mandat for fase 2, slik det går fram av saka.
2. Styret vedtar at det særskilt skal leggest vekt på:
 - Fleksible løysingar med god logistikk for å til ei kvar tid sikre innbyggjarane eit best mogeleg tilbod.
 - Rom for vidare utvikling/ending av dei prehospitala tenestene der ein tek omsyn til ending i innbyggjartal, utvikling i infrastruktur, teknologi og eksterne krav til tenesta.
 - Samhandling med kommunane for å levere akuttmedisinske tenester.
3. Styret ber administrerande direktør ta utgangspunkt i inntektssystemet sine kriterier og rammer for 2018 for prosessen vidare. Omsyn til tenesta sine kvalitetskrav, arbeidstidsordningar for dei tilsette og den teknologiske utviklinga, og å sjå fylket under eitt, skal og vere sentrale føringar for korleis dei endelege prehospitala tenestene skal modellerast.
4. Utkast til mandat skal leggest fram for godkjenning i styremøtet i oktober.

Saker til orientering:

066/2018 Bierverv i Helse Førde – status

Oppsummering:

Riksrevisjonen starta i august 2016 ei undersøking av helseføretaka si handtering av bierverv, gjeldande etiske retningslinjer og retningslinjer for bierverv. I januar 2017 vart undersøkinga følgt opp med ytterligare spørsmål knytt til retningslinjene, søknadsprosessen, registra og korleis dei vert nytta og vurdering av risiko.

Rapportar i Helse Førde viser ein liten auke i tal registrerte bierverv i 2018 samanlikna med 2017. Det blir i klinikkane sine leiargrupper informert om retningslinjer for bierverv. HR-avdelinga vil halde fram rutinen med å sende årleg rapport med oversikt over bierverv i klinikk til leiar på nivå 2. Retningslinjene knytt til bierverv vert vidareført. Det er ikkje kome tilbakemeldingar til Helse Førde frå riksrevisjonen i samband med kontrollen av helseføretaka si handtering av bierverv (januar 2017).

HR-direktør Skjelten orienterte om status for bierverv i Helse Førde.

Styret stilte spørsmål om retningslinjene er eintydige i føretaket. Styret henviste til nasjonal rapport, som viste til ei betydeleg underrapportering om bierverv i føretaka. Det er forventning i styringsdokumentet om oppfølging av dette.

Vedtak (samrøystes):

Styret tar administrerande direktør sin informasjon til vitande.

067/2018 Eventuelt

Styreleiar Landstad takka avtroppande økonomidirektør Halfdan Brandtzæg for godt utført arbeid for styret.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Samhandlingsnytt, august 2018
- Høyringsuttale til Helse Vest RHF vedr. Regional plan for psykisk helsevern i Helse Vest 2018-2022

Ref. Berit Irene Haarklau

Agnes Landstad
Styreleiar

Anne Sissel Faugstad
Nestleiar

Aud Ingrid Espeland

Reidar Sandal
(sett)

Ole Gunnar Krakhellen

Tor Vidar Myklebust

Ivar Eriksen

Wenche Kristin Røkenes

Randi Aven

Hans Jacob Westbye

Arthur Norevik